

## Selsnepe

Dette er ein svært giftig skjermplante. Det går ikkje eit år utan at minst eitt husdyr daudar av forgifting frå selsnepe, ofte utan at bonden veit kva dødsårsaka var. Planten veks alltid på våt mark. Hovudrota har fleire opne kammer. Om hausten fell siderotene av og rotstokken

flyt opp i haustflaumen og slik spreier planten seg. Men om dyr eller menneske finn rota i vasskanten og smakar på henne, er det berre timar om å gjere før ulukka har skjedd. Namnet har planten etter dei store myrområda i Sel kommune i Gudbrandsdalen.

Håkon Askeland

## Sudoku løsing

2	8	1	7	3	6	4	9	5	1	3	9	2	4	7	6	5	8
6	5	7	4	8	9	1	2	3	8	2	4	5	6	1	9	7	3
9	3	4	5	1	2	6	7	8	5	6	7	8	9	3	1	2	4
3	1	5	8	2	4	9	6	7	6	5	3	4	1	9	2	8	7
4	2	6	9	7	5	3	8	1	9	4	8	6	7	2	3	1	5
8	7	9	1	6	3	5	4	2	2	7	1	3	8	5	4	9	6
5	6	8	2	4	1	7	3	9	3	8	2	9	5	4	7	6	1
1	4	2	3	9	7	8	5	6	4	1	6	7	2	8	5	9	7
7	9	3	6	5	8	2	1	4	7	9	5	1	3	6	8	4	2

# Svartrast med genfeil

MELAND: For vel halvannen veke sidan sende Arvid Sundhordvik oss eit bilde av ein spesiell fugl frå fuglebrettet i Meland. No er mysteriet oppklart.

ENDRE HOPLAND  
Endre@nordhordland.no

Sundhordvik syntest sjølv fuglen likna ein svartrast, men fekk ikkje fargane til

å stemma. Nokså kjapt kom det eit par kommentarar via vårt nettsamfunn Origo på kva fugl det kunne vera. Alle som kommenterte saka var samde om at dette måtte vera ein svartrast, anten med albinisme eller pigmentfeil. Dette viser seg å vera riktig.

- Dette er ein svartrast hann med ein genetisk feil som forårsakar at ein del av fjøra ikkje får mørke pigment når dei veks ut. Derfor har den delvis naturleg farge, og delvis kvit fjørdrakt, seier fuglekikspert Anders Bjordal etter at Nh har send han bildet.

- Dette er ikkje uvanleg hos fleire trasteartar. Trastefuglar har ganske ofte nokre eller fleire kvite fjør, og enkelte gonger kan nesten heile fuglen vera kvit. Men det skuldast svært sjeldan albinisme. For at fuglen skal vera ein ekte albino, som er ein annan genfeil, må den også ha raude auger og lyst/kvitt nebb, seier Bjordal.

Vidare kan den ivrige fuglekikspert og kjennaren fortelja at kulden gjer det kritisk for trastane.

- Dei fleste ber er no etne opp, og telen gjer at det er vanskeleg å finna



føde. Det er korte dagar, og derfor er det ekstra viktig at folk fårar fuglane jamleg. Trastane er allsidig i kosten, og et både fuglefrø, brød og eple, seier han.

Sjå elles [www.fuglevennen.no](http://www.fuglevennen.no) for meir informasjon om fugleføring.

# Syng om dei nære ting

SEIM: "Der livets hjerte slår" er tittelen på vaksenplata til Geir Solerød – austlendingen som stortrivst som seimar.

RANDI BJØRLO

- Eg skriv med det indre landskap som inspirasjon, seier Geir Solerød. Han er skodespelar av yrke, og har tidlegare gitt ut ei barneplate, "Majas godnattplate". Og han har skriva songar for barneteateret Syltøy som kona driv.

## Heime på Seim

Ep'n som no kjem, har fire spor, alle av og med den kreative karen sjølv, og alle med norske tekstar. Plata er spelt inn i Geir sitt heimstudio på Seim og han gjer det meste sjølv - vokal, gitar, piano, bass, trekkspel, munnspel og perkusjon.

- Vi budde i byen, men jakta etter noko meir landleg. Då fall valet på Seim, og der har vi budd og stortrivst sidan 2006, seier Geir.

På plata prøver han å uttrykkja det som rører han; draumar eller sterke opplevingar. Og han håpar



LIDENSKAP:- Det å få skriva songar og driva med musikk er ein sterk lidenskap i meg, seier Geir Solerød som no kjem med si andre EP.

andre kjenner seg att, og at songane rører dei.

## Talar for seg

"Der livets hjerte slår" har som sagt fire spor, og Geir forklarar dette om songane: - "En drøm" handlar om å koma nært livet, smelta saman. "Ma ma" er ei morsorientert plate som, utan å vera personleg, fortel om dyna-

mikken mellom mor og barn. "Sommerjente" er skriva med dotra på seks år i tankane. - "Vandreren" favnar om mykje forsøkspråkleg EP, slik at eg har sjanse til å nå eit mykje større publikum, seier Geir.

## Engelsk neste?

Geir Solerød har planar om å halda fram med musikken. Han har drive på hobbybasis lenge,

men helseproblem har ført til at ting har tatt ekstra lang tid.

- Kanskje det neste vert ei engelskspråkleg EP, slik at eg har sjanse til å nå eit mykje større publikum, seier Geir.

Plata "Der livets hjerte slår" er å få kjøpt hjå Playcom i Knarvik.



Karen Halvorsen Sætre og Fredrik Ravnang Sætre vart velsigna i Tveit kyrkje, Askøy 4. desember.